



Vedtekter for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda

Forslag til revidering 23.10.2019

1 **§ 1 Føremål**

2 Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda er det øvste studentdemokratiske organet ved
3 Høgskulen i Volda (HVO). Studentparlamentet skal arbeide for studentane ved HVO sine
4 faglege, velferdsmessige og demokratiske rettar, og fremje studentane sitt synspunkt ovanfor
5 institusjonen sitt styre.

6

7 Underlagt Studentparlamentet finst følgjande organ; Studentparlamentet, parlamentet sitt
8 valde Arbeidsutval (AU), og Studentrådet. I tillegg har Studentparlamentet nedsett eigen
9 kontrollkomité.

10

11 **§ 2 Styringsdokument**

12 **§ 2-1 Vedtekter**

13 Vedtektene er organisasjonen sine formelle reglar, og er overordna dei andre
14 styringsdokumenta. Vedtektene kan reviderast. Forslag om vedtektsendringar skal varslast til
15 representantane i Studentparlamentet to veker før møtet. Dei gjeldande vedtektene ligg alltid
16 til grunn, og det må vere 2/3 fleirtal i Studentparlamentet for å vedta endringar. Endringane
17 trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

18

19 **§ 2-2 Valreglement**

20 Valreglementet til Studentparlamentet gir retningslinjer for førebuing og gjennomføring av
21 val i studentparlamentet. Dette gjeld ved val verv i Studentparlamentet, studentrepresentantar
22 i råd- og utval, samt tillitsvalde.

23

24 **§ 2-3 Prinsippprogram**

25 Prinsippprogrammet er eit dokument om Studentparlamentet sine overordna mål, som går over
26 ein fireårsperiode. Kvart fjerde år skal nytt prinsippprogram vedtakast, men det kan reviderast
27 kvart år. Endringane trer i kraft når endeleg dokument er vedteke.

28

29 **§ 2-4 Arbeidsprogram**

30 Arbeidsprogrammet er retningslinjene for Studentparlamentet sitt politiske arbeid for det
31 komande studieåret. Arbeidsprogrammet skal vedtakast kvart studieår. Programmet kan
32 reviderast ytterligare etter høve.

33

34 **§ 2-5 Budsjett**

35 Budsjettet er Studentparlamentet sine retningslinjer for den økonomiske drifta det komande
36 året. Budsjettet skal vedtakast årleg ved fyrste parlamentsmøte på vårsemesteret, og trer i kraft
37 umiddelbart. Revidering av budsjett skal på dagsorden i løpet av vårsemesteret, men også
38 etter behov eller ynskje.

39

40 **§ 2-6 Forretningsorden**

41 Forretningsorden for Studentparlamentet ved Høgskulen i Volda fastset reglar og
42 retningslinjer for ordskiftet i parlamentsmøta.

43

44 **§ 2-7 Gjennomføring av endringar i styringsdokumenta**

45 Alle studentar ved HVO har moglegheit til å fremje forslag til endring av Studentparlamentet
46 sine vedtekter og styringsdokument. Årsak til ynskje om endringsforslag kan leggast ved
47 skriftleg, og då skal dette også leggjast fram for Studentparlamentet for handsaming.

48

49 Endringar av Studentparlamentet sine vedtekter og styringsdokument skal gjerast av
50 Studentparlamentet, og krev minst 2/3 fleirtal. Alle forslag til endringar av parlamentet sine
51 vedtekter og styringsdokument skal fyrst handsamast av parlamentet sitt Arbeidsutval. Dei
52 skal kome med skriftleg innstilling til vedtak til Studentparlamentet. Det er mogleg for
53 medlemmar i AU å ta ut dissens.

54

55 **§ 3 Økonomi**

56 **§ 3-1 Budsjett**

57 Det er Arbeidsutvalet i Studentparlamentet si oppgåve å utarbeide forslag til budsjett. Dette
58 blir lagt fram for Studentparlamentet, jf. § 2-5.

59

60 Arbeidsutvalet i Studentparlamentet har mynde til å gjere om på dei ulike budsjettpostane
61 med inntil 5000 kr per semester uavhengig av post, om dette er til det beste for studentane ved
62 HVO. Ved større summar må budsjettendring vedtakast av Studentparlamentet.

63

64 **§ 3-2 Rekneskap**

65 Arbeidsutvalet i Studentparlamentet skal leggje fram rekneskap for godkjenning for året som
66 har gått ved fyrste parlamentsmøte etter årsskiftet. Regnskapet fylgjer ordinært kalenderår.

67 Rekneskapet til Studentparlamentet er offentleg, og ein kan få innsyn i rekneskapet på
68 førespurnad.

69

70 **§4 Mistillit**

71 **§ 4-1 Mistillit til verv i Studentparlamentet**

72 Medlemmar av eit av Studentparlamentet sine organ, samt studentrepresentantar i råd og utval
73 ved HVO, kan bli stilt mistillitsforslag. Vedkomande kan då verte løyst frå vervet og verte
74 erstatta av ein person valt av Studentparlamentet, dersom mistillitsforslaget får naudsynt
75 fleirtal (jf. § 4-2). Den som det blir stilt mistillit til, skal få høve til å uttale seg.

76

77 Det er berre registrerte studentar i inneverande studieår som kan stille mistillitsforslag.

78

79 **§ 4-2 Prosedyrar ved mistillit og fråtreiding**

80 Mistillit må verte vedteke med 3/4 fleirtal av Studentparlamentet. Dette kan skje på eit
81 ordinært parlamentsmøte, eller eit ekstaordinært møte, jf. § 5.3.4. Vedtak om mistillit skal
82 skje bak lukka dører, og avstemminga skal vere skriftleg og anonym. Saker om mistillit skal
83 unndragast offentlege referat.

84

85 Vedkomande som får stilt mistillitsforslag mot seg, skal informerast om dette i god tid før
86 voteringsmøtet. Arbeidsutvalet vel ut ein eller fleire som tek ansvar for saksgongen, med
87 mindre dette møter motstand i Studentparlamentet.

88

89 Dersom ein fråtrer vervet, vil første vara automatisk bli hovudrepresentant for resten av
90 perioden. Dersom representanten ikkje har vararepresentant og det er meir enn to møter igjen
91 av studieåret, skal det haldast suppleringsval, jf. Studentparlamentet sitt valregelement § 1-5.

92

93 **§ 5 Studentparlamentet**

94 **§ 5-1 Samansetning**

95 Studentparlamentet er studentdemokratiet sitt øvste organ, og skal ha representantar frå alle
96 avdelingane ved HVO. Det er sett saman av elleve faste studentrepresentantar og elleve
97 varaer. Av dei elleve faste representantane, skal åtte vere likt fordelt frå dei fire avdelingane.
98 Dei resterande tre er frie representantar, og fungerer som utjamningsmandat. Detaljar knytt til
99 gjennomføring av valet er nærare beskrive i Studentparlamentet sitt valreglement, § 1.

100

101 **§ 5-2 Føremål**

102 Studentparlamentet skal aktivt arbeide for å sikre studentane ved HVO sitt læringsmiljø og
103 faglege utbytte. Dei ulike representantane i Studentparlamentet har ansvar for å forhøyre seg
104 på sine respektive avdelingar om utfordringar og forbettringspotensiale på studiet.

105 Studentparlamentet skal også handsame og gjere vedtak i saker som framkjem av
106 organisasjonen sine styringsdokument, jf. § 2. Dette inkluderer arbeid med revidering,
107 godkjenning og vedtak av Studentparlamentet sine vedtekter, prinsippprogram, budsjett og
108 arbeidsprogram.

109

110 Det skal, så tidleg det let seg gjere, veljast inn studentrepresentantar til HVO sine råd og utval
111 for inneverande studieår.

112

113 **§ 5-3 Møteregelement**

114 **§ 5-3-1 Fristar**

115 Innkalling til parlamentsmøta skal skje seinast 14 dagar før møtedagen. Saker til sakslista må
116 vere inne seinast 10 dagar før møtedatoen, og sakspapir skal vere utsendt seinast 7 dagar før
117 møtedatoen.

118

119 Det skal leggjast fram ein møteplan på første ordinære møte i studieåret.

120 Innkalling til første møte i studieåret er gyldig om ho kjem seinast 7 dagar før møtedatoen.

121

122 **§ 5-3-2 Rettar og plikter**

123 Møteplikt:

124 - Faste representantar i Studentparlamentet

125 - Vara i fast representant sitt fråvær

126 - Arbeidsutvalet

127 - Organisasjonskonsulent

128 - Kontrollkomité jf. § 8

129 - Ordstyrar

130

131 Møterett:

132 - Alle studentar og tilsette ved HVO

133 - Gjester

134 - Uynskte personar kan visast bort etter vedtak

135

136 Talerett

137 - Alle med møteplikt- og rett

138

139 Forslagsrett

140 - Studentar ved HVO

141 - Andre kan få forslagsrett ved enkeltvedtak

142

143 Røysterett

144 - Faste studentparlamentsrepresentantar

145 - Vara i fast representant sitt fråvær

146

147 Saksfremjingsrett

148 - Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer)

149 - Arbeidsutvalet

150 - Andre kan få saksfremjingsrett ved enkeltvedtak

151

152 § 5-3-3 Møtegjennomføring

153 Arbeidsutvalet, i samarbeid med organisasjonskonsulenten, har ansvar for at sakspapira blir
154 sendt ut til Studentparlamentet sine medlemmar (representantar og varaer), kontrollkomitéen
155 og eventuelt andre partar, jf. §5-3-1. Organisasjonskonsulent skal føre referat frå alle møter,
156 med mindre det blir delegert til andre.

157

158 For at møter i Studentparlamentet skal vere vedtaksdyktige, må minst 2/3 av medlemmane
159 med stemmerett vere til stades.

160

161 Røysting skal gjennomførast med utdelt stemmesetel. Unntak er røysting ved urneval, då det
162 her skal brukast eigne lappar. Røysting blir gjort skriftleg dersom minst ein av dei røysteføre
163 ynskjer dette. Kontrollkomiteen er teljekorps og består av 2 personar. Skulle dei ikkje ha høve
164 til å møte innstiller AU ved byrjinga av møtet kven som er teljekorps. Røysting vert avgjort
165 med alminneleg fleirtal om ikkje anna vert nemnt. Ved røystelikska får alle studentar som er
166 til stades i møtet røysterett, utanom arbeidsutvalet, kontrollkomiteen, sekretariatet og
167 ordstyrar. Dersom det ikkje er andre studentar til stades blir saka utsett til neste møte. Dei som

168 etter § 5-3-2 har forslagsrett, har moglegheit til å skriftleg leggje fram si meining i ei sak
169 dersom dei er forhindra i å delta på møtet.

170

171 § 5-3-4 Ekstraordinært møte

172 Det kan kallast inn til ekstraordinært møte i Studentparlamentet ved særleg viktige saker
173 dersom eit alminneleg fleirtal av representantane eller eit samrøystes arbeidsutval ynskjer det.
174 Eit slikt møte skal kunngjerast seinast ei veke før møtet, og sakspapira skal gjerast
175 tilgjengeleg for representantane seinast tre dagar før møtedagen.

176

177 **§ 5-4 Arbeidsgrupper**

178 Studentparlamentet kan setje ned ei arbeidsgruppe når dei ser behov for det. Arbeidsgruppa
179 skal verte gitt eit mandat, og det skal utpeikast ein leiar som har ansvar for møteinnkalling,
180 kontinuitet i arbeidet og rapportering til Studentparlamentet.

181

182 **§ 6 Arbeidsutvalet**

183 **§ 6-1 Samansetning og formål**

184 Arbeidsutvalet (AU) er Studentparlamentet sitt dagleg arbeidande organ og førebur saker for
185 Studentparlamentet. Dei skal ha ein arbeidsomtale som er godkjent av Studentparlamentet.
186 Dei ulike arbeidsomtalaner er opne for revidering kvart år. Arbeidsutvalet består av fem verv;
187 leiar, fagansvarleg, velferdsansvarleg, informasjonsansvarleg og internasjonalt ansvarleg.

188

189 Medlemmar i Arbeidsutvalet kan ikkje inneha verv i Høgskulestyret samstundes som ho/han
190 sit som medlem i Arbeidsutvalet. Leiar i AU kan ikkje inneha verv i styret i

191 Studentsamskipnaden i Volda samstundes som ho/han sit som leiar i Studentparlamentet.

192

193 **§ 6-2 Føremål**

194 Arbeidsutvalet skal utarbeide og leggje fram forslag til organisasjonen sine styringsdokument,
195 jf. § 2. AU skal gjennomføre tilstrekkjeleg med møter til å drive saksførebuing til
196 Studentparlamentet. Det inneber å innstille i alle saker som blir lagt fram for
197 Studentparlamentet. Sakene kan, der det er høveleg, sendast på høyring før handsaming i
198 Studentparlamentet.

199

200 AU sørger for at vedtak fatta i Studentparlamentet vert fylgt opp og gjennomført, og skal
201 bruke økonomiske og personalmessige ressursar i samsvar med Studentparlamentet sine
202 styringsdokument. AU legg fram årsmelding med rekneskap for kvart kalenderår for
203 Studentparlamentet. Avtroppande AU-medlemmar leverer skriftlege rapportar om arbeidet i
204 vervet for å sikre kontinuitet og gode overgangar ved val av nye medlemmar i AU.

205

206 § 6-3 Konstituering

207 Arbeidsutvalet konstituerer seg sjølv etter kvart val av AU i Studentparlamentet ved å velje
208 ein nestleiar innbyrdes. Nestleiar fungerer som leiar i leiars fråvær og deltek på leiingsmøter
209 og andre forum der det opplevast naudsynt. Medlemmar av AU må vere registert student hjå
210 Høgskulen i Volda når han eller ho tiltrer sitt verv.

211

212 § 6-4 Funksjonstid

213 Eit medlem av Arbeidsutvalet sit i si stilling fram til nytt val vert gjennomført i
214 Studentparlamentet. Unntak er dersom eit medlem sjølv trekkjer seg tidligare, eller av årsaker
215 nemnt under ikkje kan inneha vervet:

216

217 a) Dersom eit medlem av AU blir stilt mistillit til og dette får fleirtal i
218 Studentparlamentet, fyljer prosedyrer jf. § 4-2.

219

220 b) Dersom eit medlem av AU sluttar som student ved HVO, må vedkomande trekkje seg
221 frå vervet sitt. Vedkomande vil inneha vervet til suppleringsval og
222 overlappingsperiode er gjennomført.

223

224 Av- og påtroppande medlemmar i AU skal delta likestilt i ein overlappingsperiode som går
225 over ein månad, med start i valdatoen. Føremålet er opplæring av nye medlemmar.

226

227 § 6-3 Møtegjennomføring

228 Arbeidsutvalet bestemmer sjølv korleis dei driv interne møter. Det skal skrivast referat frå
229 arbeidsutvalsmøter. Referata er offentleg tilgjengelege på førespurnad.

230

231 § 7 Organisasjonskonsulent

232 Organisasjonskonsulenten utgjer Studentparlamentet sitt sekretariat, og har det daglege
233 administrative ansvaret for Arbeidsutvalet. Høgskulen har arbeidsgjevaransvaret for
234 organisasjonskonsulenten, og utarbeider stillingsomtale i samarbeid med leiar og nestleiar i
235 Arbeidsutvalet. Stillingsomtale må godkjennast av arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

236
237 Oppretting og nedlegging av permanente stillingar kan berre fattast av Studentparlamentet i
238 samråd med Høgskulen.

239

240 **§ 8 Kontrollkomité**

241 Kontrollkomiteen skal syte for at Studentparlamentet si verksemd fylgjer gjeldande
242 styringsdokument. Komiteen skal bestå av inntil tre medlemmar som ikkje har andre verv som
243 er en del av Studentparlamentet, eller der Studentparlamentet er valkrins.

244

245 Kontrollkomiteen har i oppgåve å føre kontroll med at Studentparlamentet sine organ fylgjer
246 gjeldande styringsdokument og fatta vedtak, sjå til at parlamentet sine ressursar vert disponert
247 i samsvar med budsjetta, og føre kontroll med gjennomføring av val der Studentparlamentet
248 er valkrins.

249

250 Kontrollkomiteen deltek på alle møter i Studentparlamentet, og på møter med Arbeidsutvalet
251 minst ein gong i månaden.

252 Kontrollkomiteen skal ikkje uttale seg om saker under Studentparlamentet sine møter. Unntak
253 er saksopplysningar eller anna informasjon som kan vere avgjerande for saka. Andre innspel
254 til saker skal vere diskutert med Arbeidsutvalet på førehand.

255 Ingen medlemmar av kontrollkomiteen kan fremje forslag for Studentparlamentet.

256

257 **§ 9 Tillitsvalde**

258 Det skal veljast tillitsvald og vara ved alle studieprogram som er bachelorgrad og mastergrad,
259 samt årsstudium som gir 30 studiepoeng eller meir per semester. Funksjonstida fylgjer
260 ordinært studieår, med mindre representanten fråtrer sitt verv som tillitsvald på tidligare
261 tidspunkt av eige ynskje eller ved mistillit, jf. § 4. Vedkomande vert då erstatta av ein ny
262 representant valt av klassen. Tillitsvalt har rett på attest frå Studentparlamentet.

263

264 Tillitsvalte ved HVO har informasjonsplikt ovanfor medstudentar på studiet om informasjon
265 frå høgare studentorgan. Dei skal arbeide for å ivareta studentane sine interesser på avdelings-
266 og institusjonsnivå.

267

268 **§ 9-1 Studentrådet**

269 Studentrådet er et forum for tillitsvalte ved HVO. Det skal gjennomførast minst eitt møte
270 kvart semester. Ansvar for planlegging, invitasjon, mobilisering og gjennomføring av møtet
271 ligg hos fagansvarleg i Arbeidsutvalet i Studentparlamentet.

272

273 Alle tillitsvalde ved HVO har møteplikt. Personleg vara skal tilkallast etter høve.
274 Studentparlamentet sitt Arbeidsutval og dekanane ved HVO er invitert som gjestar. Alle
275 studentar ved HVO har møterett. Alle studentar og dekanar ved HVO har talerett og
276 forslagsrett, men berre dei tillitsvalde har stemmerett.

277

278 **§ 10 Val av Faddervekestyret**

279 a) Alle studentar ved Høgskulen i Volda kan stille til val for Faddervekestyret.

280 b) Dei som ynskjer å stille til val må sende skriftleg søknad til Arbeidsutvalet.
281 Søknadsprosessen skal vere i minimum to veker. Denne prosessen må vere i gang
282 innan utløpet av november, og dette har Arbeidsutvalet ansvaret for å promotere.

283 c) Søkjarane vurderast, og tilsetjing av faddervekestyret er eigen vedtakssak på møte i
284 arbeidsutvalet så snart søknadsprosessen er avslutta.

285 d) Faddervekestyret skal bestå av seks studentar:

286 1. Leiar

287 2. Nestleiar

288 3. Sponsoransvarleg

289 4. PR-ansvarleg

290 5. Arrangementsansvarleg

291 6. Fadderansvarleg

292 e) Organisasjonskonsulenten i Studentparlamentet fører rekneskap for fadderveka i
293 samarbeid med faddervekestyret. Det skal utarbeidast eigne retningslinjer for Fadderveka
294 sitt rekneskap som skal presenterast for styret når dei er tilsett.

295 f) Faddervekestyret skal levere evalueringsrapportar frå kvar enkelt verv til
296 arbeidsutvalet innan 15.oktober. For utfyllande informasjon om arbeidskrav for
297 faddervekestyret, sjå «Arbeidskrav faddervekestyret».

298 g) Verva i faddervekestyret er honorerte. Satsane vert fastsett av Studentparlamentet og
299 HVO. Honorara vert først utbetalt når heile styret har levert sine evalueringsrapportar.
300 Ved brot på kontrakten vert det ikkje utbetalt honorar. Frist for å fremja forslag for
301 endring av satsar for seinare år er 15.november i det føregåande året.
302

303

304